

Statsforvaltarens tilråding til  
Miljødirektoratet om vern av skog for  
Kringås, Midt-Telemark kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,  
oktober 2024

## Innhold

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag .....	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	3
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSHANDSAMING .....	5
2.1 Sakshandsamingsprosessar.....	5
Tilbodet om frivillig vern av skog kom inn frå sju grunneigarar og vart sendt inn av AT Skog. ....	5
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen .....	5
2.3 Forvaltningsmyndighet .....	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN .....	6
3.1 Avgrensing.....	6
3.2 Verneforskriftene.....	6
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR .....	7
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	7
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	7
4.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	7
4.4 Forvaltningsmynde .....	8
5. Skildring av Kringsås med merknader .....	8
1. Kringsås, Midt-Telemark kommune.....	8

# 1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Kringsås naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Kringsås er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 2526 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 2514 dekar, og av dette er 2355 dekar produktiv skog. Skogareal er rekna i UTM sone 33 av AT Skog.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Kringsås i Midt-Telemark kommune, Telemark fylke

## 1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjør ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane  
*a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),*  
*b (artar og genetisk mangfald),*  
*c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).*

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

## 1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderar viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til to raudlista naturtypar, samt gammal lavlandsfuruskog, sørboreal gran-blandingsskog, furu-lavlandsblandingsskog, gammalt ospeholt og gammal lavlandsgranskog som vil bidra til å fylla manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

*Reiso S., Brynjulvsrud J. G., Høitomt L. E. 2019. Naturverdier for lokalitet Kringsås, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er fyrst og fremst hogst. Andre tekniske inngrep kan ikkje utelukkast. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og der den som skadar miljøverdier betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med liten grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypeane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypeane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av Kringsås i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

### 1.3 Andre interesser

#### Kraft og energi:

Det går ein kraftleidning (22kV) ved Ramsvik i nordaust som under høyringa låg innanfor foreslått vernegrense. Denne blei etter ein nærare vurdering teke ut etter at vi fekk innspel under høyringa. Vernegrensa var og lagt svært nær bebyggelse i det same området. Statsforvaltaren har difor funne det fornuftig å flytte vernegrensa.

Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor Kringsås.

#### Mineral

I DMF sin uttale til oppstartsmeldinga og høyringa peikar dei på ein molybdenførekomst. NGU har også uttala seg til denne. Vi viser til kapittel 6.1.

### 1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Midt-Telemark sin arealplan.

## 2. SAKSHANDSAMING

### 2.1 Sakshandsamingsprosessar

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Kringsås	28.01.2021	19.05.2023	04.07.2024

Tilbodet om frivillig vern av skog kom inn frå sju grunneigarar og vart sendt inn av AT Skog.

### 2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir innspel omtala og generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for Kringsås frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper blir vurderte. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

### 2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

## 3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

### 3.1 Avgrensing

Det er etter høyringa og i samband med utarbeiding av tilråding endra vernegrensa i eit område med ei kraftlinje og ei hytte. Det er teke ut eit areal på ca. 20,5 daa.

### 3.2 Verneforskriftene

Det er etter høyringa gjennomført endringar i forslaget til verneforskrift. Dette kjem av at vi har teke ut kraftlina i lia ovanfor Ramsvik. Dette inneber at føresegnene i § 4 som tok omsyn til kraftlina i høyringa er fjerna:

*j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.*

*k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig.*

Det same gjeld for § 7 der vi har teke ut:

*j. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning.*

I § 4 bokstav j har vi teke inn denne føresegna, jf. Kapittel 5.1:  
*vedlikehald av telemast med tilhøyrande bygning og straumline slik tilstanden var på vernetidspunktet.*

I § 7 bokstav i har vi lagt til at ein må søkje om løyve til motorferdsle i samband med beiting.

I § 11 har vi teke inn setninga om forvaltningsmynde til kommunar.

## 4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

### 4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

### 4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. Statsforvaltaren vurderer at det ikkje er aktuelt med restaureringstiltak innanfor Kringsås. I rapporten til kartleggar kjem det fram at det er registrert Høstberberis *Berberis thunbergii* (SE-svært høy risiko) i kjerneområde 3 (gammal lavlandsgranskog). Det kan på eit seinare tidspunkt bli aktuelt å ta ut desse viss det visar seg at førekomsten spreiar seg ut.

### 4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Kringsås som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

## 4.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta om Midt-Telemark ønskjer å overta forvaltningsmynde for Kringsås. Statsforvaltaren har bede om tilbakemelding i eigen e-post dagsett 20. august 2024. Førrebeles har vi ikkje motteke svar.

## 5. Skildring av Kringsås med merknader

### 1. Kringsås, Midt-Telemark kommune

Totalareal 2526 dekar.

Skogareal totalt 2514 dekar.

Produktiv skog 2355 dekar.

#### **Verneformål og særskilte verneverdier:**

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som representerer ein bestemd type natur i form av gammal låglandsfuruskog, alm-lindeskog, rik sandfuruskog og sørboreal granblandingsskog i låglandet. Området har særskilt betydning for biologisk mangfald på grunn av rik førekomst av død ved og mange sjeldne og trua artar av karplanter, lav, moser og sopp.

Faktaarket for tilbodsområdet Kringsås er skriva på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har i attgivinga av delar av teksten ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål. Enkelte avsnitt er redigert noko for å avgrensa lange tekstar.

Store deler av undersøkelsesområdet er fra tidlegare naturtypekartlagt etter DN-håndbok 13 og ti naturtypelokaliteter foreligger i Naturbase. Lokalitetene på toppområdet ble kartlagt i tidsrommet 2000-2002 i forbindelse med naturtypekartlegging i kommunen. De søndre og sørvestre lisidene ble naturtypekartlagt i 2000 i forbindelse med registrering av nøkkelbiotoper på Opplysningsvesenets fond sine skoger (OVF). Ravinelokalitetene øst i området ble kartlagt i 2009 i forbindelse med oppdatering av naturtypelokaliteter i kommunen. I forbindelse med de ulike kartleggingene ble det gjort en god del funn av rødlistede arter som er registrert i Artskart. Kringsås blei kartlagt i samband med kartlegging av kalkskog i 2018 og ble kartlagt av Biofokus høsten 2018 på oppdrag for Miljødirektoratet. Hele undersøkelsesområdet ble gjennomgått og regnes som godt undersøkt.

Området har en variert topografi med et småkupert toppområde og stupbratte lisider som er oppbrutt av bratte fjellvegger og sprekkedaler av ulik eksposisjon. I de flaterne områdene i øst er terrenget oppbrutt av raviner og små grunnlendte koller.

Kringsås ligger i O1-Svakt oseanisk vegetasjonsseksjon og i vegetasjonssone: sørboreal 40% boreonemoral 60%.

Berggrunnen i undersøkelsesområdet består for det meste av fattige gneiser og kvartsitt. I den søndre delen finnes noe amfibolitt og akeritt som er en god del rikere sammenlignet med de andre bergartene i området. Forskjeller i topograf, eksposisjon, jordsmonnstykkelse og baserikhet langs en stor høydegradient gir grunnlag for en ganske stor økologisk variasjon.



Vegetasjonen i Kringsås viser stor variasjon når det gjelder rikhet og treslagssammensetning. Furuskoger av ulike utforminger er imidlertid dominerende i det meste av området. Lisidene har større innslag av rike skogtyper på tykkere jordsmonn. Generelt sett preges området av tørkeutsatte vegetasjonsutforminger, men har også innslag av friske og fuktige utforminger, særlig i ravinene øst i området. På det tørre og skrinne toppområder finnes en mosaikk av lav- og lyngskog med dominans av furu i tresjiktet.

På rasmark og rik morenejord i hellende terreng forekommer blandingsskoger på svak lågurtmark og lågurtmark. Tresjiktet domineres som oftest av furu eller gran, men en god del bjørk, osp, hegg selje, rogn, lind, alm, ask og hassel inngår ofte samt et fåtall individer av eik i solvarme lisider og svartor i friske lavereliggende områder. I feltsjiktet finnes enkelte lågurtarter som vårerteknapp, sanikel, skogsalat, svarterteknapp, lakrismjelt og blåveis.

Furuskog på sandholdig mark finnes særlig i de lavereliggende delene av området vest for Pilodden og Sanden. Sandfuruskogen står både på bærlyngmark og på rikere mark som svak bærlyng-lågurtskog og bærlyng-lågurtskog.

Sandfuruskog er en sjelden skogtype i regionen og er ofte kjent for å huse et rikt mangfold av kravfulle arter. En god del av skogen har tydelige spor av gammel kulturpåvirkning og den todelte aldersstrukturen på skogen er det tydeligste tegnet på at deler av skogen må ha vært mer åpen fra gammelt av. Sandfuruskogene er svært produktive og vil på relativt kort sikt kunne utvikle store mengder dødved sammenlignet med lite produktive furuskoger på toppområdet. Området innehar en stor andel med gammel skog som generelt sett er lite påvirket av menneskelige inngrep i nyere tid. Skogen på toppen av Kringsås har ikke vært gjennomhugget i nyere tid, men har vært utsatt for plukkhogst fra gammelt av og den mest produktive granskogen i søkkene bærer preg av gamle gjennomhogster.

Den eldste skogen finnes i de mest utilgjengelige partiene av området. I forsenkninger med tykkere jordsmonn er furuskogen mer høyreist og tettvokst.

Det er generelt sett lite dødved av furu i området, men spredte gadder og læger finnes i enkelte partier. Selv om dødvedtettheten er lav vurderes kontinuiteten i nedbrytningsgrad å være middels høy. Granskogen i forsenkningene i landskapet er også gammel og som regel rikere på dødved sammenlignet med furuskogen. I mindre partier finnes sammenbrudd med mye dødved av gran i de feste nedbrytningsstadier. Øst for Østre Kringsåsmyr finnes et parti som er særlig rikt på dødved av gran, men her finnes også mye grove ospelæger som resultat av en gammel ospesuksesjon i kollaps. Nede i lisidene står furuskogen på tykkere jordsmonn og er mer produktiv, høyreist og tettvokst sammenlignet med de skrinne toppområdene. Rundt Langeskår finnes høyreist og gammel furuskog og gamle blandingsskoger på høybonitetsmark. Skogen er stedvis rik på dødved av furu i de feste størrelser og nedbrytningsstadier. I tillegg finnes spredte keloelementer av furu og enkelte ansamlinger med mye dødved av gran og osp. Bortsett fra spredte spor av gammel plukkhogst fremstår skogen som lite påvirket.

Grove høyreiste furutrær finnes spredt i det meste av området og tyder på en langvarig rotkontinuitet i disse skogområdene. Furu med brysthøydediameter (dbh.) på opptil 80 cm forekommer. I de lavereliggende partiene sørøst i området, finnes halvgamle til eldre tettvokste furuskoger på produktiv sandholdig mark.

Rett vest for Pilodden og Sanden har noen raviner blitt avsatt i de tykke sandavsetningene og gitt opphav til skyggefulle og fuktige skogmiljøer med høy luftfuktighet. Denne typen ravineskoger er ganske sjeldne i regionen. Skogen i ravinene har typisk et toppsjikt med eldre bartrær og et undersjikt med boreale løvtrær av varierende alder. Det er generelt sett lite dødved i ravinene og for det meste nydannede læger av boreale løvtrær.

Edelløvskogen og den rike blandings-skogen som for det meste står på rasmark inntil fjellskrentene eller i sprekke-daler, har som regel et gammelt preg og er stedvis rike på gamle trær og dødved. Grove læger av osp og gran finnes spredt og kontinuiteten i nedbrytningssgrad varierer en god del, men er som regel lav til middels høy. Spredt står ofte gamle bjørketrær, seljer og enkelte lindekloner. Øst for Langeskår finnes en gammel edelløvskog på rasmark inntil fjellskrentene. Skogen domineres av gamle trær av alm, ask og gamle hasselkratt. Noen av almene har hullåpninger med forekomster av vedmuld. I nærheten finnes også noen gamle hule eiketrær med brysthøydiameter på opptil 100 cm.

Det er avgrensa 12 kjerneområder innenfor området, som inkluderer naturtypeutformingene gammel lavlandsfuruskog, alm-lindeskog, rik sandfuruskog (NT), intermediær sandfuruskog, sørboreal gran-blandings-skog, furu-lavlandsblandings-skog, gammelt ospeløst og gammel lavlandsgranskog. Ti av disse har fått verdi B, det vil si «viktig» og to område med verdi A, «svært viktig». Det største A-området er på 100,3 daa og er definert som gammel furuskog – gammel lavlandsfuruskog. Det største B-området er på 137 daa og er definert som gammel lavlandsblandings-skog – sørboreal gran-blandings-skog.

Det er til sammen registrert 14 rødlistede arter innenfor kartlagt område (1 EN, 3 VU og 10 NT) fordelt på gruppene karplanter, lav, moser og sopp. Det er svært sannsynlig at mange kravfulle arter ikke har blitt fanget opp i kartleggingen da en god oversikt over artsinventaret krever mer omfattende artsundersøkelser. Man kan særlig forvente å finne et rikt mangfold av jordboende sopp i de baserike skogområdene i lisidene rundt Kringsås. Kravfulle insekter knyttet til varmekjære skogtyper er en annen gruppe som ikke har blitt fanget opp i kartleggingen. På toppområdet av Kringsås er det gjort funn av noen kravfulle arter som typisk er knyttet til gamle furuelementer. På to gamle furugadder i kanten av vestre Kringsåsmyr er ulvelav *Letharia vulpina* (VU) registrert i moderate mengder.

I lia øst for myra ble tyrikjuka *Sidera Lenis* (NT-nær truet) funnet på en morken furulåg. I de litt mer produktive sprekke-dalene med granskog ble gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) funnet i moderate mengder på grankvister og i partiene med ansamlinger med dødved ble svartsoneskjuka *Phellinus nigrolimitatus* (NT), rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), duftskinn *Cystostereum murrayi* (LC) og granrustkjuka *Phellinidium ferrugineofuscum* (LC) funnet spredt på enkelte granlæger. Flere steder i området er også rosenkjuka *Fomitopsis rosea* (NT) funnet på granlæger. Lungenever *Lobaria pulmonaria* (LC) ble funnet på enkelte grove rogn og osp på toppområdet og er ellers registrert på ulike rikbarkstrær flere steder i området. I den produktive sandfuruskogen sør for Stegakleiv har gul strøkjuka *Sistotrema alboluteum* (NT) blitt registrert på dødved av furu. De produktive og baserike sandfuruskogene ved Stegakleiv, og ellers i området, innehar et stort potensial for å huse et rikt mangfold kravfulle arter av jordboende sopp. I en ravine vest for Kringsjå er den kravfulle og truede arten oreblæremose *Frullania oakesiana* (EN) registrert på døde greiner hos ulike treslag. Arten er sjelden på landsbasis og virker å ha sin hovedutbredelse i Osloområdet.

I den sørvendte lisida ved Langeskår finnes et ganske rikt utvalg av kravfulle vedlevende sopp knyttet til dødved av ulike treslag, særlig osp. Eggegul kjuka *Perenniporia tenuis* (VU) og ospelvitkjuka *Antrodia pulvinascens* (NT) er registrert på enkelte ospelæger som ligger solrikt til i den sørvendte lia. Fra tidligere er også hårkjuka *Funalia trogii* (VU) registrert på osp i samme område. På enkelte almelæger ble almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT) registrert og svellekjuka *Laetiporus sulphureus* (LC) ble funnet på et gammelt eiketree stående i rasmarka. Svellekjuka *Laetiporus sulphureus* (LC) ble også observert på en gammel selje lengre nord i området. Blanknål *Calicium denigratum* (NT) ble funnet på en tørr furugadd i området og er sannsynligvis ganske utbredt på tørre furugadder flere steder i området.

Samlet vurderes det foreslåtte området å inneha viktige naturkvaliteter av høy verdi i både nasjonal og internasjonal sammenheng. Området tildeles derfor nest høyeste score (5 poeng). Dette tilsvarer **nasjonal verneverdi (\*\*\*)**.

Området oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtypene rik blandingskog i lavlandet og gammel furuskog. Området scorer også høyt på de generelle manglene lavlandsskog (hkl. IV og V) og høybonitetsskog (hkl. IV og V). Samlet vurderes området å dekke inn mangler som totalt sett gir en høy mangeloppfyllelse i skogvernsammenheng.

Når det gjeld områdets betydning i samband med økologisk nettverk så ligg det berre eit tilbodsområde i nordleg retning 2-3 km frå Kringsås.

#### **Inngrepsstatus og andre interesser:**

Kringsås er eit turmål og det blir jakta i området. Det er fleire stiar og traktorveggar innanfor området, jf. vernekart. Viser til innspel frå Gvarv Turlag i kapittel 6.1.

Det ligg ei telemast med tilhøyrande bygning på eigedom gnr./bnr. 147/1. Vi har fått opplyst av grunneigar at masta blei satt opp for ca. 30 år sidan av Telenor. Grunneigar opplyser og om at det går ein straumkabel i luftlinje opp lia som er grave ned dei siste meterane fram mot masta. Elles er det ingen kjente tekniske inngrep vi har informasjon om innanfor verneforslaget.

#### **Samandrag av høyringsfråsegnene:**

Verneplanen blei sendt på høyring saman med fire andre område i Telemark. Nedanfor er det lista opp mottakarar for alle desse fem områda. Mottakarlista omfattar grunneigarar i Kringsås (ikkje med her), og lokale, regionale og sentrale lag, foreiningar, organisasjonar og etatar. Følgjande mottakarar har motteke høyringa:

Telemark fylkeskomme, Midt-Telemark kommune, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Bø turlag, Bø løypelag v/ Thorkildsen, Gvarv turlag, Midt-Telemark sopp- og nyttevekstforening, Bø Orienteringslag, Bø skogeierlag, Bø klatreklubb, Sauherad jeger- og fiskeforening, Seljord skogeigarlag, Seljord turlag, Seljord jakt- og fiskelag, Sundsbarm Kraftverk DA, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid løypelag, Kviteseid turlag, Kviteseid skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, Birdlife Indre Telemark v/Kjell Bitustøyl, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Telemark Nett AS, Føre AS, Midt-Telemark Energi AS, DE Nett AS, Akershus Energi Vannkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk,

Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 10 høyringsfråsegner til verneforslaget. Vi har tatt med fråsegner til oppstartsmeldinga når vedkommande instans berre har kome med uttale til den (Forsvarsbygg og Landbruksdirektoratet). Vi har og tatt med uttale frå Språkrådet til oppstartsmeldinga.

Språkrådet har kome med uttale til oppstartsmeldinga og høyringa. Dei seier at navnet høver på området, og at Kringsås er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.

Gvarv Turlag seier at dei med nokre års mellomrom arrangerer fellestur til Kringsås. På det meste har det deltatt opp mot 30 personar på desse turane. Dei seier at dei ser for seg at dei i framtida kan ta over ansvaret for rydding og vedlikehald av sti dit. Samstundes meiner dei at føresegnene passar til deira aktivitetar. I uttalen namngir dei fleire stiar i tilknytning til verneforslaget som ikkje kom fram i høyringskartet. Det er laga ei grov skisse der desse stiane skal vere, men det er usikkert kor desse stiane eksakt går i terrenget.

Lede AS seier at dei har ikkje områdekonsesjon i Midt- Telemark kommune, der Kringsås ligg. Dei ber Statsforvaltaren kontakte gjeldande områdekonsesjonær, som er Føre AS. Lede AS viser til at dei har elektriske anlegg nær verneområda, og at det viktig å sikre at det kan utførast naudsynt drift, vedlikehald og fornying av desse anlegga. Dei peikar vidare på at det er to kraftliner sørvest for verneforslaget og at dei eiger den lengst vest, medan Statnett SF eig den andre. Lede AS viser til at avstanden til verneområdet er tilstrekkeleg. Avslutningsvis seier dei at det ikkje føreligg planar om utvikling av regionalnettanlegg nær verneforslaget.

Bane NOR uttalar at dei har vurdert verneplanen og ikkje har merknadar.

Norges geologiske undersøkelse gir i sin uttale informasjon om to registreringer i NGU sin mineralressursdatabasar i og ved verneforslaget for Kringsås. Kringsås molybden seier dei er klassifisert å ha liten eller ingen offentleg betydning. Etter nye undersøkingar på staden i 2024 meiner dei at det ikkje er teikn på at registreringa bør omklassifiserast.

For Ransvik kis-/kopar-registrering finst det ikkje tilgjengeleg informasjon, og utan det kan ein ikkje klassifisere denne registreringa.

Statnett uttalar at planlagt vern og utviding av eksisterande naturreservat ikkje rører ved Statnett SF sine anlegg eller framtidige planar. Statnett har difor ingen merknader til foreslått vern.

Forum for natur og friluftsliv i Telemark er positive til verneforslaget og støttar Statsforvaltaren sitt arbeid med frivillig skogvern i Telemark fylke.

Direktoratet for mineralforvaltning uttalar at dei i sin fråsegn til oppstart opplyste om det føreslegne verneområdet sin berøring med koparførekomsten Ransvik<sup>3</sup>. Dei forventa at det blei innhenta meir kunnskap om førekomstane med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning. For førekomsten Ransvik opplyser NGU at det ikkje finst noko meir informasjon tilgjengeleg, og det derfor ikkje er grunnlag for å klassifisere førekomsten. DMF vurderer derfor at det ikkje finst informasjon som tilseier at det er vesentlege verdiar knytt til framtidig utvinning av førekomsten. Det bør gå fram av tilrådinga at det ikkje er

funne informasjon som tilseier at det er viktige ressursar som påverkast av å opprette av naturreservatet.

Norges vassdrags- og energidirektorat peikar på at innanfor foreslått verneområde Kringsås er kryssande nettanlegg drifta av Føre AS, som er områdekonsesjonær. Dei meiner at det manglar følgjande føregner i forskrifta som dei ber Statsforvaltaren å ta inn:

*«§ 6 Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene: Nødvendig motorferdsel i forbindelse med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterende energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.*

*§7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser: Oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4»*

NVE ber Føre om å uttale seg om eksisterande og framtidige planar i området.

Statkraft Energi AS støttar NVE sin uttale på vegne av dei (eigentleg for utviding av Brokefjell som var på høyring saman med Kringsås) og vil minne om at det i føresegnene blir tatt inn at dei som regulant har lov til å drifte/vedlikehalde og ta seg inn til reguleringsområdet med motorisert ferdsle. Dei må og ha moglegheit til å drive med skogrydding dersom det er naudsynt.

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Kringsås, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konflikthar med verneforslaget, og bad om at det blei teke naudsynte unntak for militær operativ verksemd. Forsvarsbygg bad vidare om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifta, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

#### **Statsforvaltarens kommentarar:**

Når det gjeld innspel frå Gvarv turlag så opnar forskrifta for rydding og vedlikehald av eksisterande stiar. For rydding av stiar som ikkje var kjend på vernetidspunktet og kome med i vernekartet kan ein søkje om å rydde desse i tillegg. Når det gjeld stiane dei nemner så vil Statsforvaltaren søke å hente inn korrekte traséar for desse. Om ikkje vi klarer å få alle desse på plass innan tilrådinga blir oversendt Miljødirektoratet vil vi kunne ettersende oppdatert kart på eit seinare tidspunkt, innan vernevedtak skjer.

Når det gjeld uttale frå Lede AS så har Føre AS fått alle dokumenter til høyringa, men Statsforvaltaren har ikkje motteke uttale frå dei, på tross av at NVE og har bedt dei uttale seg om eksisterande og framtidige planar i området. Den aktuelle kraftlina dreier seg om 22 kV, og Statsforvaltaren foreslår å ta areal med denne lina og ein sikringssone ut av verneforslaget. Difor vil også forslaget til NVE om føresegnar i forskrifta §§ 6 og 7 falle bort.

Når det gjeld uttale frå NGU og DMF tar vi uttalene til etterretning.

Til innspel frå NVE som peikar på 22kV kraftline med Føre AS som områdekonsesjonær viser vi til det vi har kommentert under Lede AS.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvalteren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Kringsås, jf. § 6.

#### **Navn**

Statsforvalteren tilrår navnet Kringsås som i høringsforslaget.

#### **Avgrensing**

Statsforvalteren tilrår avgrensinga med dei endringane i verneforskrift og vernekart som er gjort etter høyringa.

#### **Verneforskrift**

Det er gjort en justering på verneformålet i forskriften § 1 etter høring. For øvrig tilrår Statsforvalteren verneforskriften som i høringsforslaget.

#### **Statsforvalterens tilråding:**

Statsforvalteren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og i vernekart som beskrive.

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Kringsås, Midt-Telemark

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner